

AREAL VINDAFJORD: 620 km<sup>2</sup>

FOLKETAL VINDAFJORD: 8084

**DER VEGANE MØTEST**

*Ølen er i dag ikkje lenger ein eigen kommune og bygda høyrer ikkje lenger til det gamle Hordafylket.*

*Frå 1. januar 2002 vart kommunen overført til Rogaland, og fire år seinare vart Ølen ein del av den nye Vindafjord kommune. Tidlegare gjekk fylkesgrensa mellom Hordaland og Rogaland rett over grøderike bøar mellom Ølensvåg, Viland, Frønsdal og Eikesdal – i eit bygdela mellom to fjordar. I dag går den nye fylkesgrensa langs høgdedraget mellom Ølen og Etne, ei logisk linje i landskapet, i det minste.*

Bygdenamnet Ølen går attende til mellomalderen, men som eigen kommune var Ølen av relativt ny dato. Frå 1838 høyrde soknene Vikebygd, Ølen og Bjoa til Fjelberg herad, stort sett samanfallande med det gamle Fjelberg prestegjeld – med unntak av Eid herad. Vikebygd vart eigen kommune i 1902, Ølen først

**ØLEN**

Bygdenamnet Ølen er ikkje heilt enkelt å tyda. Alt på 1200-talet er det brukt som namn på bygda. Det er skrivne Qlund i 1329, Alunde i 1567 og Aalund i 1614. Dette var det offisielle namnet fram til 1893, då kommunestyret gjorde vedtak om at skriveforma skulle vera Ølen. Einskilde granskarar meiner at Olund opphavleg har vore namn på den fiskerike fjorden, og at det kan ha samanheng med verbet ala «næra, føda». Andre har peika på det gamle ordet øle, nytta om ein vindfull stad. Truleg er namnet Ølen av ei heilt anna rot enn Ålfjorden, som avgrensar kommunen mot grannen Sveio. Ål kan ha sin bakgrunn i fiskeslaget ål, eller det kan ha samanheng med ein naturformasjon: «ei langtrekt, djup renne» (jf. Ål i Hallingdal). Førsteleddet i Døreim er mogleg eit eldre elvenamn, av same rot som det moderne dør «elvenunning». Bjoa, med samansetningane Innbjoa og Uthjoa, går attende på ei fleirtalsform av gno. bjód«bord, disk», truleg nytta om ein terrengformasjon. Det høver godt på dei slake bøane ned mot Bjoavågen. Hetland kjem av gno. hesli «stad der det veks hassel». Namnet er nytta på to gardar i kommunen. Bjordal inneheld dyrenamnet bjor «bever», kanskje opphavleg brukt som elvenamn.




i 1916 og eige prestegjeld i 1952. I 1964 vart så Austre Vikebygd lagd til Ølen og Vestre Vikebygd til Sveio (Ⓞ447). Same året vart Ølen eige lensmannsdistrikt, etter tidlegare å ha høyrd til Fjelberg skipreide og lensmannsdistrikt. Så lenge båten var viktigaste framkomstmiddelet, var Fjelberg eit naturleg sentrum, også for gardane sør for Bjoafjorden. Kyrkjesokna hadde i mellomalderen namn etter garden Njardheim (Nerheim). I eit skifte frå 1326 blir bygda kalla «Njardheims kirkiu sokn». Den eldste kyrkja, ei stavkyrkje, vart reist på Nerheim og er nemnd første gong i 1326.

Det låge eidet mellom Ølen og Sandeid gjev ei god forklaring på at Ølen sidan forhistorisk tid har lege midt i hovudsambandet mellom Rygjafylket og Hordafylket. Her er det ein kort og lett veg frå fjord til fjord, og i mellomalderen var det denne vegen biskopen i Stavanger drog når han skulle på visitas til Hallingdal, som høyrde til Stavanger bispedømme fram til 1631. På 1800-talet vart sambandet frå vest mot aust bygt ut. □



«Sjoargarden» ovanfor dampskipskaia i Ølensjøen kring 1935. På «vaskehuset» (til høgre) var det veggavis. Her møttest folket kvar kveld for å venta på «dampen».

**ØLEN****ÅTTEDELT KVERVELSNITT I SØLV OG GRØNT**

Kvervelmotivet som er brukt på kommunevåpenet i Ølen, er gammalt og tradisjonsrikt. Motivet vart nytta i mellomalderen på våpenet til riddaren og fehirden Erling Amundsson (Ⓞ36), og det er kjent i eit dokument frå 1306.

Dessutan brukte riksråden Simon Torgeirsson det same motivet i seglet sitt i 1388 under eit dokument på Akershus slott. Motivet skal symbolisera knutepunktet Ølen, med dei to hovudferdsleårene, frå vest mot aust og frå nord mot sør, som kryssar kvarandre i Ølensjøen. Kommunevåpenet vart godkjent ved kgl. res. av 4. april 1986, og er teikna av Vigdis Viland.